

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 10.12.2020

Representant Knut Inge Andersen (FNB) har sendt inn følgjande spørsmål som han ønskjer svar på i møte i Fylkesutvalet 10. desember 2020:

Eg siterer frå Firda:

Torsdag kom striden om bilbru over Jølstra til vegg ende. Då vedtok formannskapet å gå vidare med løysinga som øydelegg kunstverket «Laksen».

– No øydelegg ein eit av landets største landskapskunstverk. Det seier Hilde Bjørkum, kommunalsjef for kultur og idrett i Sunnfjord kommune. Ho sat på sidelinja då formannskapet bestemte seg for kva løysing dei ville ha for Førdepakken sitt tiltak 1: Bilbrua mellom Førdehuset og Hafstadparken. – Eg synest det er ein trist dag på jobben når ein skal øydelegge landskapskunst. Nett som ein ikkje kan ta ut sider i ein roman, kan ein ikkje flytte på landskapskunst. Då er det ikkje det same åndsverket lengre. Men, ein har lov til å øydelegge det slik det no er vedteke, seier Bjørkum. No er ho uroa for vegen vidare i kultursektoren: – Vi har jobba hardt med å posisjonere Sunnfjord som ein kunstkommune. Med eit slikt vedtak er det eit stort omdømmefall for oss. Vil fylke og stat løyve pengar eller samarbeide med oss i framtida? spør Bjørkum.

Høgre og Venstre stilte forslag om heller å gå vidare med [Vegvesenet si tilråding, det såkalla alternativ 5](#). Denne løysinga ville spare Laksen og gitt eit ryddigare kryss, men ville tatt delar av fotballbana. Som erstatning ville dei utvide fotballbana på Halbrend til 11ar-bane med kunstgras. I staden vart det altså – med ei stemme overvekt – fleirtal for alternativ 7. Denne løysinga sparar fotballbana, men går ut over Laksen og Festplassen.

Spørsmål til fylkesadministrasjonen ved fylkeskonservator:

1. Korleis vurderer ein kunstfagleg verket 'Laksen' med omsyn til verdi og kva verkemiddel finst i lova for å hindre gjennomføring av vedtaket i Sunnfjord om øydelegging for å spare ei fotballbane?

Spørsmål til fylkesordføraren:

2. Vil fylkesordføraren leggje til rette for ei vidare politisk handsaming av saka i Vestland?



Svar spørsmål 1:

[Kulturminnelova](#) § 2 første ledd legg til grunn ein brei definisjon av kva eit kulturminne er:

«Med kulturminner menes alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til.»

Det vil seie at det må gjerast eit utval av dei mest verdifulle kulturminna som skal takast vare på for framtida, § 2, fjerde ledd:

«Etter denne lov er det kulturhistorisk eller arkitektonisk verdifulle kulturminner og kulturmiljøer som kan vernes.»

Lova er ikkje innretta mot kunstverk, men mot kulturhistorisk eller arkitektonisk verdifulle kulturminne. I Noreg har det soleis ikkje vore tradisjon for å frede kunstverk etter kulturminnelova, og omsynet til vern av kunstverk er regulert av [Åndsverklova](#). Lova definerer her generelt opphavsrettens vernetid, § 11, til:

«Vernetiden for opphavsrett varer i opphaverens levetid og 70 år etter.»


For administrasjonen er det ukjend kva avtale som regulerer vernetida som evt. er inngått mellom eigar og kunstnar for det aktuelle verket.

Administrasjonen har i samband med denne saka fått tilsendt fylgjande kunstfaglege fråsegn frå Sogn og Fjordane Kunstmuseum:

«Om ikkje skulptøren Jørn Rønnau sitt verk «Laksen» i Førde er ein del av samlinga og såleis ligg utanfor museet sitt formelle myndigheitsområde, vil vi likevel peike på at sidan «Laksen» er eit kunstverk i det ålmenne rommet, er det for oss utifrå eit fagleg ståstad naturleg å ha ei meining om kva lagnad både dette og andre liknande kunstverk verk har og får. Ei forsnevring av område kring verket vil vere ei alvorleg skipling av det aller næraste miljøet kring skulpturen. Det ser vi som særst uheldig, av di dei ymse elementa er sett i ein samanheng. Ei flytting av skulpturen «Laksen» er ikkje rådd då ein i dette høve vil bryte med Lov om åndsverk. Ei flytting kan ikkje gjerast utan at heile idégrunnlaget vert skipla. Flytting og rekonstruksjon på ein stad der verket ikkje var tiltenkt tenkt og tilmåta. Om ein likevel freistar, er det ikkje lenger «Laksen» ein flyttar. I beste fall gjera ein det då til eit anna verk. Staden skulpturen ligg er ikkje vald på slump, skulptur og omgjevnader er uttrykk for ein samlande kunstnarleg tanke. Fleire ting er her knytt i hop, lina i elvefaret, fest-/utstillingsplassen og ikkje minst Førdehuset, det regionale kulturhuset. Skulpturen var og er, tenkt som ein del av denne heilskapen. Skulpturen er eit av dei største landskapskunstverk her til lands. Den er det største attståande minne om Miljøkunstveka 1989, såleis er den og eit historisk minne. Miljøkunstveka var eit viktig arrangement for å vekke medvitet om det nære livsmiljø der vi er og bur (Førde hadde ved dei tider fått ord for å vere den grimmaste tettstaden i landet). «Laksen» og liknande kunstverk har ei viktig oppgåve når det gjeld særkjele åt ein stad. Det har eigenverd som kunstverk og tidsbilete all den tid det og er ein del av det som er og vert vårt sams minne og arvelodd. Sogn og Fjordane kunstmuseum vil tilrå at «Laksen» og i framtida får vere slik den no er ein del av kunsten i Førde.»

Fylkeskommunen si rolle i arealplansaker er at vi deltek i den formelle planprosessen og gir høyringsinnspel frå dei aktuelle fagområda fylkeskommunen forvaltar. Dette kan til dømes gjelde både kollektiv, veg, landskap og kulturminne. Det er kommunen som er mynde etter plan- og bygningslova og det er tiltakshavar si rolle å greie ut alternative løysingar. Er kommunen sitt framlegg til arealplan i konflikt med regionale eller nasjonale interesser kan fylkeskommunen reise motsegn til planen. I Vestland fylkeskommune sitt delegeringsreglement er motsegnsmyndet lagt til Fylkesutvalet for saker av prinsipiell karakter.

Fylkeskommunen har i samband med oppstart av reguleringsplan for bru over Angedalselva gjeve høyringssvar. Planfremjar har justerte alternativ 5, 6 og 7, som no er til handsaming i kommunen:



Dei justerte alternativa har ikkje vore sendt fylkeskommunen på høyring. Administrasjonen vil realitetshandsame saka i samband med den formelle høyringa av planen.»